

Tidleg ein søndags morgon

..... går det og an å spela god bridge. Dette spelet er frå første kamp søndag mellom Møre og Romsdal 1og Oslo 1. To gonger blei Terje Lie satt på prøve og han bestod begge med glans.

G 4	N Lillevik	VEST NORL ØST SYD
	♠ AK54 ♥ QJ1086 ♦ K10 ♣ AJ	P 1♥ P 2♥ P 4♥ P P P
V Lie	Ø Kvangraven	
♠ Q97 ♥ A5 ♦ Q82 ♣ Q7632	♠ J32 ♥ 97 ♦ AJ94 ♣ K854	
4♥ Nord NS: 0 ØV: 0	S Ludvigsen	
	♠ 1086 ♥ K432 ♦ 7653 ♣ 109	

Kontrakten blei 4 hjarter på Lillevik si hand i nord. Hardt meldt, men ikkje urimeleg i lag. Kontrakten var den same på det andre bordet, der det blei ein beit.

Kvangraven i aust starta med trumf, som var ein grei start på motspelet. Lie vann med esset, og første motspelsprøve stod for tur. Det hastar med kløverskift. Om ikkje forsvinn kløversticket på fjerde spar. Lie såg dette, og vrei kløver. Sticket blei vunne av Lilleviks ess. Ein runde til med trumf renska den, og deretter kom det tre gonger spar frå topp. Lie vann sticket på dama, og andre motspelsprøve stod for tur.

Ein ”sløv” liten kløver no, og Kvangraven tar tredje motspelstikk på kløver konge. Men så er han innspelt og det blir med ein beit.

Men Lie var på høgda denne gongen og, og la lett ned kløver dame før han vrei ruter. To beit og IMP inn!